

Norddal – ein
verdsarvkommune

Kommuneplanen sin
samfunnsdel 2007-2018



Forord

Vi som i dag bur i Norddal kommune har svært godt utgangspunkt for eit godt liv på alle måtar. Grunnlaget er gitt gjennom gunstige naturgitte føresetnader men ikkje minst gjennom den innsatsen som generasjonane før oss har lagt ned med nøysemd og hardt arbeid. Vi har mykje å takke for vi som lever i Norddal i dag. Vi står på "kjempers skuldre".

No er turen komen til deg og meg. I dag er det vi som sit ved rattet. Det er vi som skal forme samtida og ikkje minst framtida. Det er ei krevjande oppgåve fordi endringane i vår tid går så fort og fordi det er så mange eksterne faktorar som spelar inn som vi ikkje har full styring med. Difor er det viktig og nødvendig å ha ein plan. Dokumentet du sit med i handa no er ein slik plan .

Målet med planen er å leggje grunnlaget for ei positiv folketalsutvikling, gode arbeids- og velferdstilbod og trygghet i alle fasar av livet. Planen er eit produkt av ein kollektiv innsats der dei folkevalde i formannskap og kommunestyre har styrt prosessen men der næringsliv, frivilljuge organisasjonar og folk flest har blitt inviterte til å kome med innspel.

Planen skisserar fem hovudmål.

- Endringsvilje
- Kommunal identitet
- NaKuHel
- Næringsutvikling
- Samferdsle

Eit heilt overbyggande eller overordna prinsipp skal styre framdrifta av hovudmåla. Dette er miljø og berekraftig utvikling, ofte nemnt som Agenda 21. Berekraftprinsippet må liggje i botnen for alle val vi gjer . Naturen; arealet med snaufjell, skog, dalar og fjord - alt dette arealet må vi forvalte slik at det ikkje vert forbrukt men forblir ein produksjons- og rekreasjonsressurs for alle framtidige generasjonar. Biologi og økologi er difor dei viktigaste retningsvisarane i kompassrosa til Norddal.

Kommuneplanen er ikkje svaret på alt for alle for alltid. Men – så langt det har vore muleg å mobilisere folkemeininga , er planen eit uttrykk for ei kollektiv haldning til korleis vi skal organisere og prioritere dei neste 10 åra. Skal vi lukkast, er vi avhengig av samspel . At alle dreg i same retning. Norddal har store mulegheiter . Eg likar å seie at vi er "Ein kommune for framtida" og det meiner eg ! Vi sit på kvalitetar som vert meir og meir etterspurde , men det er du og eg som må omsette mulegheitene i arbeidsplassar og velferd. Eg ber om ditt bidrag til den oppgåva.

Velkomen til dugnad under mottoet

Ver skapande, tenk positivt og hald i hop !

Norrdal, 1. juni 2006

Arne Sandnes
ordførar

Innhold

• Forord	2
• 1 Innleiing	4
○ Planprosess	4
• 2 Planen sitt verdigrunnlag	6
• 3 Viktige utviklingstrekk	7
○ Folk og busetnad	7
○ Arbeids- og næringsliv	9
○ Barnehage og skule	12
○ Kultur, idrett og friluftsliv	13
○ Kommuneøkonomi	14
○ Helse og sosiale tilhøve	15
• 4 Mål og retningslinjer	17
○ Endringsvilje og –evne	17
○ Kommunal identitet	18
○ NaKuHel (Natur, Kultur, Helse)	20
○ Næringsutvikling	21
○ Samferdsle	22
○ Miljø og berekraftig utvikling	23
• Vedlegg	24



Innleiing

Planprosess

Kommuneplanen sin samfunnsdel.

Plan og bygningslova krev at alle kommunar skal utarbeide ein såkalla "kommuneplan." Dette er ein overordna plan som skal samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga i kommunen. Saman med økonomiplanen er kommuneplanen kommunen sitt øverste plan- og styringsdokument. Figuren under viser kva plandokument som går inn i ein samla kommuneplan. Tilhøvet til økonomiplanen er også illustrert.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er på mange måtar kommunen sitt fremste politiske dokument. Her definerer politikarane kva mål dei har for utviklinga av lokalsamfunnet, og kva retningslinjer dei ønskjer at den kommunale organisasjonen skal arbeide etter for å nå måla.

Utarbeidinga av samfunnsdelen.

Rulleringsprosessen knytt til Kommuneplanen sin samfunnsdel 2007-2018 har ikkje følgd dei tradisjonelle metodane med utarbeiding av framlegg i administrasjonen. Sidan denne planen framføre nokon annan er ein politisk plan, har politikarane sjølve ved planutval og kommunestyre delteke direkte i utforminga. KS stilte prosessrettelær til rådvelde.

På bakgrunn av dette saman med mellom anna folkemøte, utvikla kommunestyret sjølv visjon og

hovedmålformuleringar hausten 2004 og våren 2005.

Deretter gjekk stafettpinnen til administrasjonen, kor rådmannen leia det vidare arbeidet. Med utgangspunkt i tverrfagleg samansette grupper med personar både frå administrasjon og det lokale næringslivet, vart det våren 2006 utarbeidd nødvendige delmål og retningslinjer. Det vart lagt til grunn at dette arbeidet skulle vere lagt fram for planutvalet i juni.


Frå plan til handling.

Dei overordna politiske målsetjingane som ligg i kommuneplanen sin samfunnsdel, må trekkjast ned til konkrete tiltak som skal setjast ut i livet i den komande 4-årsperioden. Denne konkretiseringa skjer i kommuneplanen sin tiltaksdel.

Kommunane har tidlegare hatt ein fag- eller sektorbasert tiltaksplan som stort sett har fått si rullering berre gjennom økonomiplanarbeidet. I denne planen blir det fråvike frå sektortenkjinga og hovudmåla er mykje meir tverrfaglege og samfunnsutviklings-orientert. Ei sentral problemstilling i eit slikt nybrottsarbeid blir såleis å skape ein klår samanheng mellom politisk vedtekte mål og ressursdisponeringar som blir gjort i økonomiplan, og verksemdene sine årsplanar.

Brukarundersøkingar.

Kommunen har gjennomført to brukarundersøkingar og ei medarbeidarundersøking. Ei samanstilling av desse og eit oversyn over økonomiske prioriteringar, er innfelt i planen.





Menneska og deira
haldningar og
handlingar er
Norddal sin
viktigaste ressurs.

2.

Verdigrunnlag og samfunnsyn

I grunnlaget for kommunen si utvikling, har kommunestyret sett tre moglege hovedlinjer. Det første biletet **"Velfødd og sårbar,"** skildrar Norddal som eit samfunn der ein framleis er svært avhengig av dei naturgjevne føresetnadene. Lokalsamfunnet er basert på tradisjonelle næringsveggar som landbruk og offentleg tenesteyting. Det har ikkje skjedd noka form for lokal utvikling. "Reformmotstandarane" har eit solid tak på bygdene. "Me veit kva me har, men ikkje kva me får" er munnhellet.

Bygdene er meir opptekne av at dei andre ikkje skal få, enn av å skape noko sjølv. Kommunen maktar enno å gi innbyggjarane gode tenester, grunna kraftinntektene. Det blir stadig færre innbyggjarar. Kommunen slit med identiteten, då innbyggjarane føler seg heime i Fjørå – Tafjord – Norddal – Eidsdal – Valldal og ikkje i Norddal. Kraft, jordbruk og pending blir oppsummert som næringsveggar.

Biletet **"På nye bein"** skildrar Norddal som eit positivt skapande samfunn som har gått nye vegar for å kunne eksistere som eit livskraftig lokalsamfunn. Mykje av dei tradisjonelle næringane i kommunen har vorte endra, men kommunen har i lag med innbuarane og lokalt næringsliv funne nye måtar å halde oppe sysselsetjinga og busettinga i kommunen. Samarbeidet mellom bygdene blomstrar. Dei har innsett at berre gjennom å spele kvarandre gode kan dei sikre eit levedyktig lokalsamfunn. Innbyggjarane er kompetente og kravstore. Dei veit kva rettar dei har krav på og korleis dei skal få dei.

Innbyggjarane er velstående og er villige til å betale meir for tenestene, berre dei opplever dei som tilpassa og gode. Dei ulike samspel og relasjonar er gode, basis er gjensidigheit. Nye og betra kommunikasjonar og infrastruktur gjer at stadig fleire pendlar ut, men er busette i Norddal.

Næringslivet i kommunen har vorte restrukturert og det er stor grad av nyskaping, særlig innanfor områda:

Teknologi/kunnskapsbasert verksemd
Knoppskyting med basis i Tafjord Kraft
Reiseliv/oppleving/personlig velvere (SPA)
med utvikling og røynsler frå Muritunet.

Biletet **"Samskaping"** fortel om Norddal som eit samfunn der mykje av veksten skjer nedanfrå. Det er sett sterkare krav til brukarane av kommunale tenester. Dei må gje noko tilbake til kommunen. Borgarrolla er i fokus.

Næringsvegane er særlig knytt til dei lokale fortrinna som bygdene i Norddal har. Norddal er kommunen for fritid og aktivitet, golf, bowling, turstiar, skianlegg og med ein tilpassa bustadmarknad som td terrassehus, utleigebustader, ungdomsbustader mv. Biblioteket er utbygd som læringsarena. Ein generell auka fokus i samfunnet på det gode liv, gjev auka tilflytting.

Dei nye tidene fører til "landbruk på nye bein". Landbruket i bygdene er omtrent som i dag, men med endra innhald. Tradisjonell industri får vanskelegare kår. Stadig nye nisje- og kvalitetsprodukt basert på tradisjonelle næringar for eksport blir utvikla.

Framtidsynet på samfunn og verdier i Norddal kan konkluderast slik:

Kven bur i Norddal	Borgaren
Næringsliv i Norddal	Landbruk – turisme/fritid - servicebaserte helse- og velværetenester - teknologi
Kommunefokus i Norddal	Samfunnsutvikling og innovasjon
Styringsfilosofi i Norddal	Partnarskap i varierende nettverk. Berekraftig forvaltning.
Kva gjer politkarane i Norddal	Byggjer relasjonar rundt kommuneorganisasjonen, og i høve til landet og verden

Som ei samlande og heilt overordnande overbygning står Fredrikstad-erklæringa som kommunestyret har slutta seg til, kor ma målet er ei bærekraftig samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag både i dag og for komande generasjonar. Utgangspunkt er at lokal myndigheit må ta ansvar for å engasjere innbyggjarane i dette arbeidet og sikre aktiv deltaking, medansvar og medråderett. Vidare kan lokalsamfunnet ha ei nøkkelrolle i å skape ei bærekraftig utvikling og at det blir best ivareteke av involverte menneske. Erklæringa vil mobilisere innbuarar, organisasjonane og partene i arbeidslivet til aktiv medverknad og leggje til grunn at arbeidet for ei bærekraftig utvikling er eit ansvar for alle samfunnssektorar.

Visjonen for kommuneplanen er:

Norddal – trivselshagen,

og viktigaste ressurs er menneska og deira evne til å forstå ma at også det atypiske kan vere eit fortrinn.

3.


Viktige utviklingstrekk.

Folk og busetnad

Nedgang i folketallet

Per 1.1.2006 er folkemengda i Norddal 1808 innbuarar. Dette tilsvarar om lag 0,74% av folkemengda i Møre og Romsdal. Norddal blir med det 4. minste kommunen i fylket. Med få unntak har Norddal opplevd folketalsnedgang sidan 1970-talet. Over dei 2 åra 2003 – 2005 gjekk folkemengda ned med 2%.


Slik folketalsnedgang er krevjande å handtere fordi den stiller kommunen ovafor tydelege problem og krav til sosial infrastruktur, tilpassing av økonomi og næringsutvikling.



Ein eldre folkesetnad

Folketalsnedgangen skuldast negativt fødselsoverskot og negativ netto flytting. I åra 1990 – 2005 viser summen av desse to faktorane positiv verdi berre i fire av desse 16 årstala. Tabellen nedanfor syner ei sentral aldersfordeling i kommunen (2004):


	Kommunen	Fylket	Landet
Barn og unge 0-17 år	24,6%	24,1%	23,6%
Eldre 80 år og over	9,5%	5,2%	4,6%



Likestilling med konsekvensar

Kvinnedelen i folkesetnaden er ein av faktorane som SSB nyttar som indikator på likestillingsgraden i kommunane. Kvinnedelen i Norddal var i 2004 godt under landsgjennomsnittet med 87 per 100 menn. I høve til SSB sin likestillingsindeks for 2005, ser ein at Norddal ligg under nokre samanliknbare kommunar i Møre og Romsdal.

Med tillegg av låg kvinnerepresentasjon i kommunestyret, relativt lågt utdanningsnivå, hjelper det ikkje mykje med høg barnehagedekking og høg yrkesaktivitet. Norddal kjem likevel ganske dårleg ut på SSB sin likestillingsindeks, noko som ein må rekne med vil gje utslag i åra som kjem.



Folkesetnad etter kjønn og alder, prosent. 1.1.2005

”Fleire” i tettbygder.

I 2003 budde 20% av innbuarane i tettstader (min 200 personar med max 50 m avstand). Same talet for 2005 er 22,3%. Tabell 2003:

	Kommunen	Fylket	Landet
Buset pr km ²	2,0%	16,2%	14,1%
I tettbygde område	20,0%	67,0%	77,0%

Folkeseinaden har vorte redusert i alle bygdene. Det er Valldal som har helde seg mest stabil det siste 10-året og utgjer no meir enn 50% av kommunen sitt folketal. Tafjord har dei same åra mista 23% av folketalet i krinsen.

I følgje SSB har Norddal færre innbyggjarar pr km² enn det som er gjennomsnittet både i fylket og på landsbasis. Dette skuldast hovudsakleg dei store utmarks- og fjellområda. Det er likevel grunn til å seie at Norddal har eit potensiale for høgare arealutnytting. Som døme kan det nemnast områda mot sjøen i Valldal (Sylte og Muri), som ligg lageleg til både for busetjing og næringsføremål i service- og tenestesamanheng.

Framleis nedgang?

Den negative utviklinga i folketalet treng ikkje å halde fram. Dei viktigaste føresetnadene for å stoppe denne utviklinga, er ei endra arealdisponering og bygging av teneste/serviceverksemdar som samtida sine menneske krev for å byggje og bu.


Som planføresetnader legg likevel SSB til grunn ein jamn folketalreduksjon i si langtidsprognose.

Det er berre SSB som har laga aldersfordelte framskrivingstal, og det har dei berre laga for alternativ MMMM – middels nasjonal vekst (ca 0,7% vekst). Dette alternativet har fungert bra for Norddal, og kan derfor gi ein viss peikepinn for kva aldersdeling vi kan vente i åra som kjem.


Aldersfordelt framskriving blir illustrert i tabellen under. Vi ser at aldersgruppa som etterspør barnehageplass kan bli redusert med omkring 40 i planperioden, behovet for skuleplassar kan minke med 60 barn og aldersgruppa 20-44 år kan bli heile 100 færre menneske. Tabellen kan også syne eit minkande behov for sjukeheimplassar.

Prognosa syner behov for målretta tiltak særleg innretta mot aldersgruppa 20-44 år.


BUSETJINGSMØNSTER 1999-2006



Folkemengd 1995-2006 og framskrive 2007-2025 (middels vekst).



Fordeling i aldersgrupper 2003-2005




Framskrivingsalternativ MMMM – aldersfordelt. Kilde SSB.

	Totalt	0 år	1-5 år	6-12 år	13-15 år	16-19 år	20-44 år	45-66 år	67-79 år	80-89 år	90 år +
2005	1868	20	119	182	82	99	557	481	175	129	24
2006	1795	19	118	171	72	105	500	482	174	128	26
2010	1708	16	87	167	74	98	466	496	184	90	30
2015	1611	15	78	127	73	96	422	492	210	72	26
2018	1571	16	77	114	58	99	399	489	222	79	18
DIFF 2015	-184	-4	-40	-44	1	-9	-78	10	36	-56	0
DIFF 2018	-224	-3	-41	-57	-14	-6	-101	7	48	-49	-8


Dei blå tala syner skilnaden mellom 2006 og 2015/2018 for dei ulike aldersklassene, føreutsett at SSB sine føresetnader slår til. Tala i 2006 er prognose frå tidlegare, og avvik noko ifrå dei faktiske tala som no er kjende pr 1.1.2006. Tidlegare framskrivingar frå SSB har stemt som hovedretning.

Arbeids- og næringsliv

Sysselsette personar fordelt etter sektor 2004. Prosent



Sysselsette fordelt på næring 2004. Prosent



Noko ein-sided næringsliv

Norddal har ein noko ein-sided næringsstruktur. Ein finn likevel ei stor varehandelnæring. Særleg etter at Muritunet vart etablert, har den private tenesteytinga auka.

I siste planperiode som endar i 2006, har det vore ei negativ utvikling i talet sysselsette. Samansetjinga av næringar har endra seg. Det har vore ein relativ vekt i kommunal og privat tenesteyting. Samstundes har det vore ein nedgang i industri, ma er all tekstil og konfeksjonsproduksjon no borte.

Samstundes som sysselsetjingsgraden er høg og arbeidsløysa er låg og talet arbeidsplassar gått ned, tyder dette at Norddal har utflytting av personar i yrkesaktiv alder og sysselsette som pendlar. Netto innpendling til Norddal var i 2001 minus 114.


Strukturendringar

Produksjonsbaserte næringar har slite med veksande problem i førre planperiode. Og vi har opplevd ei ytterlegare avskaling i ein frå før veik industri. Pengemengda i næringslivet har vorte enda meir svekka, og det er vanskeleg å sjå nokon positiv energi akkurat no.

Primærnæringane er også under merkbare endringar. I Norddal står jordbruket som også produserer bær og frukt framleis sterkt. Talet bruka har likevel gått ned.

Norddal har såleis ein noko atypisk næringsstruktur sett landet under eitt. Primærnæringane står framleis rimeleg sterkt, sekundærnæringane mistar posisjonen raskare. Tenesteyting har vore relativt sett veksande.

Folketalsutviklinga i bygdene 1999-2006



"Sentralisering"

Norddal er generelt under press. Alle bygdene misser innbuarar, men Valdalen og Eidsdal relativt sett minst. Dermed oppstår ein lokal tendens til ei "sentralisering" kor ei eller to bygder peiker seg ut som "senter." Denne tendensen kjem til å halde fram.

Like fullt er vi ikkje gode nok til å utvikle strategiar til å møte konstruktivt og utvikle desse tendensane til å bli positive verdiar for oss alle. For å kunne by menneske dei tenestene som blir oppfatta som nødvendige i dag, må det vere tilstades eit minimum av befolkningsgrunnlag og infrastruktur, ikkje minst av sosial/kulturell karakter. Ulik privat tenesteyting må sjåast heilt sentralt og som meir avgjerande for buvilje enn til dømes kommunale tenester.

Arbeid og inntekt

	Norddal	Fylket	Landet
Syssette 16-74 år 4. kvartal 2003. % av befolkninga	79	70	69
Menn	81	74	73
Kvinner	76	66	66
Registrerte arbeidsledige 16-74 år % av arbeidsstyrke. 2002.	0,7	2,9	3,2
Menn	0,8	2,8	3,4
Kvinner	0,5	2,9	3
Netto innpendling til Norddal. 2001	-114	--	--
Del uførepensjonistar 16-66 år. 2002. %	6,2	9,1	9,5
Bruttoinntekt per innb. 17 år og over. 2002	219 000	243 500	262 800
Menn	258 700	308 500	328 600
Kvinner	177 700	179 300	199 500
Syssette fordelt på næring 2004. %			
Primær	20,3	6,5	3,5
Sekundær	14,4	26,5	20,5
Tertiær	65,2	67	76
Syssette fordelt på sektor. 2004. %			
Offentleg forvaltning	30,8	30,6	30,4
Privat sektor og offentlege føretak	69,2	69,4	69,6



Lokale fortrinn å byggje vidare på

Ei viktig oppgåve framover er å kommersialisere kunnskap og handlingsdugleik for å sjå ut over produksjonsbaserte yrke og utvikle dei teneste- og kunnskapsbaserte. Ma vil arbeidet med å skaffe Norddal breidband-samband vere viktig.

Lokalt næringsliv har låge kapitalreservar og dermed låge ambisjonar om lokale investeringar. Rolla som "økonomisk lokomotiv" blir av mange lokalisert til kommunen. I åra som kjem er det derfor viktig Norddal legg til rette for og inviterer til at eksterne interessantar finn det føremålstenleg å

investere i Norddal – både i eigedom og nyskaping. Norddal har i slik samanheng både eksisterande næringer som tilbyr vesentleg faglege og sysselsetjingsmessige tyngdepunkt for utvikling og utbygging, og andre fortrinn som kan bli sentrale i framtida for Norddal.

Det er utfordrande å drive fram nye marknader, og å kommunisere desse til kundar som vil betale for varen. Norddal bind saman to av dei største reiselivsattraksjonane i landet. Vår "gyldne rute" er lang og har mange naturlege og moglege stoppestadar, og bygdene som ikkje ligg langs vegen har kvalitetar som gjer det mogleg å få dei reisande til å legge om turen. Ein viktig suksessfaktor er å samarbeide om utvikling og marknadsføring, for derigjennom å oppnå eins profil og god nytte av midlane. Eit slikt samarbeid kan og omfatte andre kommunar. Geoturisme handlar om å vise fram våre tradisjonar og fortelje om korleis det var / er å drive primærnæring.

Vestnorsk Fjordlandskap er på Unesco si verdsarvliste, og Norddal har med sine lange tradisjonar innan reiseliv, store moglegheiter for ei balansert utvikling av næringsaktivitet knytt til tilrettelegging og formidling av opplevingar.

Eit viktig område å stadig vidareutvikle er infrastruktur som tilfredstiller det moderne samfunn. Vegar, ferjer, lokalitetar og ik må vere det beste, for tilrettelegging for "kunnskapsbaserte arbeidsplassar".

Dei stadbundne, fornybare ressursane kan med god forvaltning bli attraktiv vare. I åra som kjem er det derfor viktig at både lokale og sentrale investorar finn det interessant å investere i Norddal – både i eigedom og nyskaping.

Men Norddal kommune har og eksisterande næringer/ bransjar som er betydelege og kan danne grunnlaget for vidare utvikling.

- ♦ **Landbruksnæringa** har, med Norddals gunstige klima, geologi og jordforhold, eit godt utgangspunkt for vidare vekst og nyskaping – både når det gjeld jord og skogbruk. Eit godt eksempel i denne samanheng er den lokale jordbærproduksjonen. Satsinga på lokal foredling av råvareproduksjonen i landbruket er viktig for næringa. I samband med at ein har motteke "verdsarvstatus", ser ein òg at landbruket kan få stor betydning for forvaltninga av kulturlandskapet i området. Dette kan skape nye moglegheiter i næringa. Det vil her vere viktig at ein arbeider målretta opp mot

sentrale styresmakter for å få på plass midlar til lokalt forvaltingsarbeid


- ♦ **Reiselivet** er ein bransje som har hatt positiv utvikling gjennom fleire år. Norddal sitt fortrinn er at det er bygd opp feire opplevingstilbod som gjer at turistane stoppar, eller får Norddal som utgangspunkt for andre aktivitetar i regionen. Dette er ein del av reiselivet som også har utviklingspotensiale i framtida, særleg etter at delar av kommunen ligg inne i verdsarvområdet "Vestnorsk Fjordlandskap".
- ♦ **Bygg og anleggsbransjen** har dei siste åra vist vilje og evne til oppbygging av kompetanse, og pågangsmot for oppdrag i og utanfor Norddal. Med stadig utlegging av fleire hyttefelt, og satsing innan reiselivet er dette ein trend som bør forsterkast.
- ♦ **Helse-rehabilitering** er ei relativt ny næring, men er i dag ein av dei største arbeidsplassane i Norddal. Gjennom utvikling av Murigrandane vil sentrum framstå som eit heilskapleg serviceområde, godt tilrettelagt for – natur – kultur – helse. Det gode liv i Norddal skal bli ein merkevare, som ein både skal bli møtt av, - og oppleve gjennom velvere og rehabilitering.

Skule og barnehage

Hausten 2006 er det i overkant av 240 barn i grunnskulen i Norddal. Desse er fordelt på fire skular, kor Valldal, Eidsdal og Dalsbygda skular held seg mest oppe, medan barnetalet i Tafjord nærmar seg ei nedre grense. Nedgangen i barnetalet den siste planperioden er stor. Gjennomsnittleg storleik på årskulla i førskulealder ligg no omkring 23. I siste planperiode har det vore ei omfattande oppgåve å tilpasse bygningar til reformar i skulen.

Det ser ikkje ut til at barnetalet kjem til å stabilisere seg dei komande åra. Legg ein SSB si framskriving (alt MMMM) til grunn, kjem årskulla i alderen 1-5 år til å tynne seg ut til 15 mot slutten av komande planperiode. Ei tilsvarende endring er framskrive for talet barn i ungdomsskulealder.

Kommunen ser såleis ikkje lenger ut til å ha nemnande utbyggingsoppgåver. Det kan oppstå behov i samband med innhaldsreformar, men truleg blir utfordringane på personalsida meir krevjande i planperioden enn på byggsida. I tillegg kjem at kommunen må forhalde seg til vanskelege avvegingar krinsvis, og vere i forkant i høve krevjande tilpassingar.



I kommunen er det no fire barnehagar. To av desse er "sjølvstendige," medan to er kombinasjonsløyisingar med ma skule. Norddal har over mange år gjeve eit tilbod til alle som har ønska eit tilbod. Ein har derfor også årleg etablert mellombelse løyisingar. Frå hausten 2006 er Syltebøen i Valldal utbygd med permanente 54 heiltidsplassar. Det er då 106 godkjente heile plassar i kommunen. Avrekna mot 134 barn, vil dette gi ei rekna dekking på 80%, noko som skulle gi eit tilfredsstillande potensiale i høve etterspurnad. Også i barnehagane vil tilpassingar vere den største utfordringa i dei komande åra.

Kvalitetsutvikling

Sidan midten av 1990-talet har krava om tilsyn på kvalitet vorte meir og meir tydelege. Norddal var tidleg ute med å byggje seg konkret reidskap med føremål å kartleggje opplevd kvalitet. Også sentrale mynde har laga fleire program og initiativ.

I denne samanhengen er det regionale skule-samarbeidet på nordre Sunnmøre som Norddal er med i, særst viktig. Her har kommunen ma fått utdanna to "inspektørar" som gjennomfører tilsyn utanfor kommunen, medan samarbeidande kommunar gjennomfører tilsvarande tilsyn hos oss. Dette tilfører innsyn og impulsar, og skaper grunnlag for utvikling kvalitetsmessig sett. Sett i same perspektiv, er det også rett å nemne den regionale pp-tenesta.

Tilpassa løyisingar.

I åra som kjem blir tilpassingar eit sentralt omgrep. Viss ein ikkje greier å demme opp imot folketalsnedgangen, må driftsvoluma tilpassast omgrep som kvalitet, faglege vurderingar og kommunal økonomi. Men også krava om individuelle tilpassingar vil auke. For barnehagane tyder dette tilpassing i høve barna og foreldra sine behov, både i høve innhald og praktiske tilhøve som td opningstider.

For skulane og SFO-tilboda ligg framleis utfordringane i å skape tilbod som er tilpassa barnet sine føresetnader, behov og interesser. Samstundes er det forventningar om fagleg kvalitet og gode mulegheiter for sosial deltaking og personleg vekst.

Samhandling

Utvikling og betring av barn og unge sitt miljø synest å bli meir og meir sentralt. Dei unge blir utsett for ei aukande positiv og negativ eksponering, og framtida kjem til å vere i ei enda sterkare og raskare endring enn vi har opplevd så langt. Dette meir kompliserte biletet krev ei sterkare binding mellom dei ulike interessentane.

Slik binding fordrar samhandling mellom skule, barnehage, heimane og dei kommunale hjelpeinstansane. Ved å tilføre desse gruppene kompetanse, kan dei utvikle dei nye yrkesrollene som samtida krev og medverke til å skape felles møteplassar kor barn, unge og vaksne kan utvikle felles sosiale forståingar.

Kultur, idrett og friluftsliv

Eit aktivt lag- og foreningsliv.

Norddal har eit breitt spekter av lag- og foreningsliv. Vi kan vel seie at dette dannar grunnstammen i det lokale kulturlivet. Det er registrert om lag 45 adresser til ulike lag hos kommunen sin kultursjef. Rundt 30 søker årleg om kulturmidlar til drift eller anlegg. Dette er jamnt over aktive lag/foreningar, dei fleste har barn og unge som hovudmålgruppe.

Idrett står sterkt i Norddal, og det er registrert 8 idrettslag. Det er langrennsidretten som har skapt nasjonalt kjente idrettsnamn frå Norddal.

Eit av fleire fortrinn i Norddal er mulegheitene til eit variert friluftsliv. Det er mange interesserte i dette, og særleg er fjella og utmarka som bruksområde innarbeidd i den lokale tenkemåten. I stigande grad har ein òg blitt merksam på dei friluftsmoglegheitene som er knytte til vassdraga, ferskvatna og fjordane våre. Tanken om å nytte desse mulegheitene også i nærings-samanheng, er under utvikling.

Verdsarv

Naturen rundt oss er sjeldsynt, og det har vore arbeidd ei tid for å etablere eit skredsenter i Tafjord. Delar av Norddal står no på lista over verda sin naturarv, og arbeidet med å nytte føremonene av denne høge statusen er godt i gang. Men minst like viktig er det at vi er medvitne på det ansvaret vi får når vi i samarbeid med styresmaktene skal forvalte desse naturområda. Å ta vare på naturen og kulturlandskapet på ein slik måte at vi ikkje forringar verdiane for komande generasjonar, er ei oppgåve vi må ta på alvor.

Kyrkja

Norddal har to staslege kyrkjer som begge er frå ein annan tidsalder. Desse er lokalisert til Valldal og Dalsbygda. Fellesrådet tek godt vare på desse, men ikkje minst bygningsmessig vedlikehald er krevjande.

Førebyggjing og identitetsskapar

Satsing på kultur, idrett og friluftsliv er viktig fordi det er med på å skape lokal identitet og tilhøyrigheit. Det kan verke førebyggjande i høve til kriminalitet, rus og helsetilstand og er med på å skape aktivitet og trivsel i lokalsamfunnet. Større idretts- og kulturarrangement er med på å vise

fram Norddal på gode måtar. Denne måten å marknadsføre oss på, har hatt ein veksande tendens over nokre år.

Bygningar og anlegg.

Norddal har etter måten godt med bygningar og anlegg som støttar det "daglege" behovet. Ulike typar bygg og anlegg har høg spreining. Vanleg er klubbhus, grende-/samfunnshus ut over at også skulane fungerer som idretts- og kulturstader. Kultur- og musikkskulen er dagleg aktør i høve skulane. Det synest likevel ikkje som om denne strukturen som særleg vart etablert på 1970 og 1980-tala, evnar å fange opp og leggje til rette for utviklingstrendane som viser seg i for- og etterkant av tusenårskiftet. Norddal kommune ser behovet for ei storstove i kommunesenteret, og vi bør starte eit utgreiings- og planleggingsarbeid.

Tilrettelegging

Ei hovudoppgåve for kommunen i åra som kjem, er å sikre at dei eksisterande bygg og anlegga for kultur- og idrettsaktivitetar blir vedlikehaldne. Her må kommunen bidra med økonomiske midlar. Vidare må kommunen bidra med planlegging og vurdering av kva som til kvar tid er tidsriktig og tilpasse seg til gjeldande tidstrendar.

Kulturlivet kan likevel ikkje basere seg på kommunen skal vere framdrivar, det må vekse fram frå folket sjølv med basis i initiativ og frivillig arbeid.

Helse og sosiale tilhøve

Oppsummering tenestene

I den utgåande planperioden har Norddal halde fram med byggje ut dei ulike helse- og sosialtenestene. I dag rår kommunen over tidsmessig helseavdeling, eit kompetent sosialkontor, pleie og heimetenester som når alle med større eller mindre behov.

Satsing på pleie og omsorg

Dei siste 10 – 15 åra er det pleie- og omsorgstenestene som har fått størst merksemd. Sjukeheimen har vorte ombygd til enkeltrom, og vart samstundes utvida med to sengeplassar. Vidare har det vorte bygd eit etter måten høgt tal omsorgsbustader kor dei aller fleste har heildøgns tilgang på personale. Rehabiliteringstenesta har vorte styrkt ved å knyte til seg ergoterapi- og fysioterapitenester gjennom samarbeidsavtalar.

Som det går fram av kap 2 kan vi vente oss ei aldning av folkesetnaden. Viss SSB si framskrivning viser seg å bli nokolunde rett, vil talet eldre (80+) likevel ikkje auke i planperioden, men minke med 30-40 menneske allereie i 2010.

I åra framover kan det altså bli ei utfordring å tilpasse helse-, pleie- og omsorgstenestene til eit minkande behov. I dette biletet høyrer det med at dei statlege overføringane vil bli reduserte i same takt som at behova minkar.

Kommunen har ein relativt høg del personar med psykiske lidningar og funksjonshemmingar. Det kan i dag sjå ut som om kommunen sitt velferdstilbod til denne gruppa er etablert for hastig, og dermed utan tilfredsstillande styring. Strukturen i dette tilbodet må derfor gåast gjennom og bli reetablert eit av dei første åra.

Generelt ser det no ut som om hjelpetrengande grupper har eit godt og tilfredsstillande tilbod.

Helse, sosial og omsorg 2002

	Norddal	Fylket	Landet
Andel barn 0-17 år med barnevernstiltak. %	3,2	2,9	3,3
Sosialhjelpsmottakarar per 100 innb. 20-66 år	2,6	3,8	4,6
Legeårsverk per 10 000 innb.	14,7	8,9	8,4
Del innb. 80 år og over som bur på institusjon. %	18,4	16,8	15,4
Del innb. 80 år og over som mottok heimetenester. %	52,9	52	48

Rekruttering av helse- og sosialpersonell.


Generelt sett greier Norddal å rekruttere dei fleste typene helse- og sosialpersonell. Å vedlikehalde legetenesta har vore veldig krevjande, ikkje minst ut ifrå at Norddal også er eige legevaktistrikt. Sjukepleiarar har også vore vanskeleg, og her har det vore kontinuerlege større og mindre vakansar.

Kvalitetsutvikling

Sidan midten av 1990-talet har krava om tilsyn på kvalitet vorte meir og meir tydelege. Norddal var tidleg ute med å byggje seg konkret reiskap med føremål å kartleggje opplevd kvalitet. Også sentrale mynde har laga fleire program og initiativ. I denne samanhengen blir det nemnt at pleie- og omsorgstenestene har vorte hengande etter i kommunen si ikt-utvikling. På dette feltet blir det no teke eit krafttak kor fleire tenestebaserte program blir teke i bruk. Dette skjer med basis i interkommunalt samarbeid.

Meir stabilt legetilbod

Frå tidleg 1990-tal og fram til no har legetilbodet vore varierende både i omfang og kvalitet. Det blir likevel no lagt til grunn at dei første åra i planperioden skal syne både meir stabilitet og vere meir tillitvekkjande i høve deira kundegruppe.



Kommuneøkonomi

Store investeringar

Siste planperiode har vore prega av store investeringar. I perioden 2000-2005 har årlege investeringar bygd seg opp til om lag 116 mill kr, og fordeler seg som diagrammet til høgre viser.

I gjennomsnitt har 98% vore lånefinansiert. Tendensen med høg lånefinansiering har vore vedvarande, og lånegjelda netto år 2005 per innbuar er 109 000 kr.

Den årlege veksten i brutto driftsbudsjett har vore på om lag 4,6%. Her har dei nemnte tenestemråda brukt av budsjettet slik digrammet syner.

Balanse

Kommunen har hatt eit marginalt positivt netto driftsresultat, etter at renter og avdrag er dekt, i denne perioden. Unnataket var i 2001, då ein fekk eit negativt driftsresultat. Gjennomsnittleg netto driftsresultat i desse åra er på ca 20 000 kr. Norddal ligg derfor godt under det som blir brukt som målsetjing; 3%.



Norddal sin folketalsnedgang kostar

Folketalsnedgangen som Norddal har opplevd til no og ventar å få utover i neste planperiode, representerer som tidlegare nemnt ei stor utfordring når det gjeld kommuneøkonomien. Dette fordi kommunen heile tida må vere i forkant i ei tilpassings-nedtrapping. Vidare må kommunen frigjere ein tilfredsstillande økonomisk kapasitet for å realisere tiltak mot den sosiale og kulturelle utarminga som kjem som konsekvens av redusert folketal, og som skaper ein spiraleffekt. Så langt er nok kommunen komen noko kort når det gjeld desse utfordringane.

Bærebjelken i kommunen sin økonomiske vekst har vore kraftproduksjon. Med bakgrunn i dei utfordringane kommunen står i, kunne det ha vore føremålsteneleg å nytte noko av desse inntektene til anna enn kommunale tenester.

Produktivitet

Kommunen har over tid skaffa seg godt oversyn




over økonomiske prioriteringar, pengestraumar, brukertilfredsheit og sist medarbeidertilfredsheit. Vi har såleis no eit godt bilete av kor produktiv kommunen som organisasjon er. Dette blir framstilt visuelt i bileta nedanfor. Desse viser at kommunen bruker mykje meir pengar på ikkje vanskelegare oppgåver enn andre har, utan å oppnå større tilfredsheit mellom brukarar og medarbeidar.

Desse tala er henta inn over 3 år, men først nokre økonomiske nøkkeltal frå 2002:


	Norddal	Fylket	Landet
Frie inntekter per innb. Kroner	40 686	24 356	24 771
Brutto utgifter fordelt på sektor. %			
Administrasjon	11,3	9,1	9,4
Barnehage	5,9	6,2	7,2
Grunnskule	22,8	24,9	23,4
Pleie og omsorg	31,9	29,7	26,3
Kommunehelse	4,4	4,3	4,1
Statlege rammeoverføringar % av brutto driftsinntekter.	30,6	25,7	21,5
Sals- og leieinntekter % av driftsinntektene	12,0	15,3	15,6

100 = gjennomsnittet i nettverket


GRUNNSKULE - Ressursbruk og tilfredsheit hos brukarar og medarbeidarar



HEIMETENESTE - Ressursbruk og tilfredsheit hos brukarar og medarbeidarar



INSTITUSJONSOMSORG - Ressursbruk og tilfredsheit hos brukarar og medarbeidarar



4.

Mål og retningslinjer

Lova sine krav

Plan- og bygningslova inneheld krav til innhaldet i samfunnsdelen.

1. mål for utviklinga i kommunen, og
 2. retningslinjer for sektorane si planleggjing
- Med vising til visjon, verdigrunnlag og viktige utviklingstrekk i lokalsamfunnet, er det i dette kapitlet laga mål og retningslinjer for komande kommuneplanperiode, 2007-2018.

Mål for utviklinga i kommunen

Måla rettar seg mot Norddal kommune som lokalsamfunn, og definerer korleis vi ønskjer at Norddal skal sjå ut no og i framtida. Planen inneheld seks hovudmål, som representerer seks tema det blir viktig å konsentrere seg om i neste planperiode:

Endringsvilje og endringsevne

Hovudmål 1: Eit tilpassingsdyktig samfunn

Styrke naboskap

- Bidra til å styrke og vidareutvikle samarbeidet i ein naturleg region
- Legge til rette for formelle og uformelle arenaer for samarbeid over kommunegrensene
- Stimulere til nærings- og kultursamarbeid i regionen

Utvikle kommunesenter

- Arbeide for at Valldal kan tilby flest mogleg av dei handels- og servicetenester som er etterspurt i kommunen og delvis regionen

Framstå som attraktiv

- Bistå regionen med tenester der det er behov for det og kommunen har kapasitet
- Bidra til at Norddal og regionen sine interesser blir tekne i vare særleg i høve til næringsutvikling og kommunikasjon
- Areal for bustadbygging skal ha ei slik lokalisering at det medverkar positivt i samanheng med næringsutvikling

1. Endringsvilje og endringsevne
2. Kommunal identitet
3. NaKuHel (natur, kultur, helse)
4. Næringsutvikling
5. Samferdsle
6. Miljø og berekraftig utvikling

Under kvart hovudmål kan det følgje ulike delmål som skal utdjupe og konkretisere det overordna hovudmålet.

Retningslinjer for planleggjinga

At vi når måla vi har sett oss for lokalsamfunnsutviklinga er eit felles ansvar – ikkje berre politikaranes og kommuneadministrasjonen sitt, men alle sitt ansvar. Norddal kommune som organisasjon har likevel eit særskilt ansvar, og det er dette retningslinjene trekkjer opp. Retningslinjene påpeiker såleis politikarane sine forventningar/-direktiv til administrasjonen /planleggjarane.

og senterutvikling, og skal vere godt eigna for føremålet

Aktiv innverknad

- Utvikle ein profesjonell strategi for påverknad av sentrale beslutningstakarar

Endre fokus

- Ein ynskjer å gjere folk medvitne på at kommunen i framtida ikkje kan vere hovudaktør i samband med utvikling av eksisterande og nytt næringsliv i bygdene våre.
- Norddal kommune vil utøve makta si til det beste for totaliteten i kommunen, og unngå at særinteresser får styre.
- Tenkje utover; den viktigaste arenaen og marknaden for kommunen ligg utanfor kommunegrensene
- Fremje struktur- og systemdiskusjon i høve til bygdeutvikling

Hovudmål 2. Ein endringsvillig organisasjon

Prioritere basisoppgåver

- Norddal kommune vil ha hovudfokus på kommunale basisoppgåver
- Prioritere oppgåver som det er naturleg å løyse i kommunal regi
- Samarbeide med nabokommunar og private/-offentlege aktørar om planlegging og produksjon av tenester, der dette er med på å betre og effektivisere tenestetilbodet

Vekt på service

- utvikle ein sterk bedrifts- og servicekultur i organisasjonen
- Gi mest mogleg ansvar og mynde til det nivået i organisasjonen som er nært brukaren og krevje at ansvar blir følgd opp
- Kontinuerleg kvalitetssikring og utvikling av tenestetilboda gjennom system som fangar opp tilbakemeldingar frå brukarane

Tenkje tverrfagleg

- Bli enda betre i høve til basisoppgåver og utviklingsarbeid gjennom tverrfagleg nettverks- og prosjektorganisasjon
- Sikre medverknad internt i organisasjonen

Betre leiinga

- Utvikle heilskapleg arbeidsgjevar-politikk i Norddal kommune
- Ha fokus på den einskilde leiaren gjennom evaluering og kompetanseutvikling
- Leggje til rette for eit godt fysisk, fagleg og sosialt arbeidsmiljø
- Byggje og forsterke bedriftskulturen

Utvikle kompetanse:

- Verdssette medarbeidaren sin kompetanse og måloppnåing
- Vere ein utfordrande og attraktiv arbeidsplass, med rom for karriere for kvinner og menn
- Motivere medarbeidarane til relevant og målretta kompetanseutvikling
- Motivere medarbeidarane til resultatoppnåing gjennom ei profesjonell yrkeåtførd

Endre fokus

- Vere utovervend og ikkje sjølvsentrert

Kommunal identitet

Hovudmål 1: Samhandling mellom bygdene.

Norddal vil bruke bygdene sin eigenart som utgangspunkt for samhandling mellom dei.

- Norddal vil spele på faktorar som fokuserer på heile kommunen som ei bygd.
- Leggje til rette for aktive og livskraftige grender i heile kommunen.
- Fokusere på naturtilhøva som felles identitet for alle som bur i Norddal.
- Utnytte potensiale under slagord som "Kort veg frå fjord til høg fjell".
- Bruke vår felles historie og lokale tradisjonar meir bevisst.
- Samordne sommar-arrangementa som er i kommunen i dag slik at dei samla profilerer heile kommunen.
- Arbeide for å sjå verdien av å ha eit sterkt kommunesenter.
- Stimulere til at flest mogleg frivillige lag og organisasjonar dekkjer heile kommunen.
- Gjere folk bevisst på at vi alle er norddalingar.
- Gjere bruk av "kommuneambassadørar".

- Framheve Norddal som landbrukskommunen med gode vokstervilkår og varierte produksjonsformer.
- Reklamere positivt for Norddal som kraftkommunen i vid tyding.
- Framheve "Norddalingar med sær innsats" i fortid og samtid. Dette gjeld både i politikk, næringsliv (inn og utland) og i kulturlivet, til dømes i song/musikk, teater og målarkunst.
- Legge til rette for kollektive transporttilbod internt i kommunen.
- Stimulere til meir samhandling internt i kommunen m.a. for å stå sterkare overfor andre kommunar og distriktet.
- Utnytte Norddal sin plass på Verdsarvlista og Reinheimen nasjonalpark som grunnlag for næringsutvikling.
- Vere bevisst på å utnytte det rike geologiske mangfaldet i kommunen og skape positive element ut frå Norddal som "skredkommunen".
- Fokusere på Norddal som "kommunen midt mellom øst og vest."

Hovudmål 2: Bulyst.

Norrdal vil legge til rette for at både folk med røter i kommunen og innflyttarar finn det meiningsfylt å bu i kommunen.

Delmål 2.1: Norrdal vil arbeide for at folk som er fødde og oppvaksne her i størst mogleg grad ønskjer å bu i heimkommunen.

- Medverke til at ungdommen får tru på kommunen sin - og vil busette seg her.
- Rettleie ungdommen i val av utdanning som er relevant for å skaffe seg eit levebrød i Norrdal.
- Skape trivsel for hus, heim, gard og grend.
- Utvikle ei positiv oppleving av heimkommunen slik at utflytta norrdalingar kjem tilbake.
- Legge tilhøva til rette for meiningsfylt oppvekst og fritid.

Delmål 2.2: Norrdal vil arbeide for at innflyttarar/nye innbyggjarar finn seg til rette og blir verande.

- Skape aktiv handling og tiltak for at nye borgarar kjenner seg heime.
- Arbeide for og gjere tiltak slik at nye norrdalingar blir verande.
- Klårgjere faktorane som verkar inn på bustadval.
- Marknadsføre kommunen på ein positiv måte i inn- og utland.

Delmål 2.3: Norrdal vil spele på faktorar som vektlegg bygdene sin eigenart og som samla gjer Norrdal til ein kommune.

- Fokusere på og dyrke forskjellar mellom bygdene som positiv ressurs.
- Bevisstgjer om dei ulike dialektane i bygdene.
- Framheve at bygdelaga er ulike i geografi, storleik, folketal og til dels historisk.
- Finne positiv vinkling på bygdene sin eigenart og aksept/respekt for andre bygder.
- Støtte opp under den unike ressursen som frivillege lag og organisasjonar representerer gjennom idealisme, engasjement og dugnadsånd.
- Legge til rette for gode arbeidsvilkår for lag og organisasjonar.

Delmål 2.4: Norrdal vil arbeide for at alle som bur i kommunen identifiserer seg som

norrdalingar og finn grunnlag for bustad og arbeid.

- Legge til rette for gode og rimelege bustadtomter.
- Prioritere allsidige kulturtilbod.
- Byggje ut nok barnehageplassar med fleksibel opningstid.
- Utvikle grunnskulen blant anna med vektlegging på ressursar, lokalitetar og kvalitet.
- Legge tilhøva best mogeleg til rette for at Norrdal kan vere ein god bukommune sjølv om nokre må pendle til andre kommunar for å få arbeid.
- Stimulere til større omsetning av fast eigedom slik at det kan bli lys i fleire hus.
- Bygge ut gode og lett tilgjengelege helsetilbod.
- Til kvar tid ha eit bra tilbod av ungdomsbustader/gjennomgangsbustader.
- Syte for at Norrdal er ein bra kommune å bli gammal i.

Hovudmål 3: Omdøme.

Norrdal vil vere kommunen med det positive omdømet.

Delmål 3.1: Norrdal vil arbeide for at folk utanfrå ser med positive auge på kommunen vår.

- Arbeide for at Norrdal skal bli den mest atraktive turistkommunen på Sunnmøre.
- Stimulere utflytta norrdalingar til å tale vel om heimstadskommunen sin og bli sett pris på av kommuneleiinga for si ambassadørrolle.
- Skape positiv omtale og fokus på Norrdal gjennom media og internett.
- Aktive og synlege norrdalingar i politikk og næringsliv heime som ute.

Delmål 3.2: Norrdal vil støtte opp under innbyggjarane sin innsats for å skape godt omdøme av kommunen.

- Lokalpolitikarane må vere bevisst på si ambassadørrolle.

Kommuneadministrasjonen må vere bevisst på si ambassadørrolle. Det må vere ei prioritert oppgåve å bli flinkare til å få norrdalingar i sentralt viktige verv og posisjonar.

- Alle som arbeider i servicenæringa og alle innbyggjarane generelt skal ha ei sentral ambassadørrolle.
- Både kommuneorganisasjonen og politikarar må syte for positiv ryktespreiing.
- Lære seg til å unne i staden for misunne.
- Ha fokus på å skape eit godt førsteinntrykk for tilreisande gjennom profilering

NaKuHel (natur, kultur, helse)

Hovedmål 1:

Norrdal kommune skal verte ein føregangskommune for NaKuHel der inkludering og identitetsskaping vert nøkkelfaktorar.

Norrdal vil satse sterkt på God Helse-programmet

- Auke heilskapstenkinga kring folkehelseperspektivet
- Skape trivelege bygder med rikelege fritidsaktivitetar
- Bidra til at kreative kunst- og kulturaktivitetar kan fremje trivsel og god helse
- Skape nettverk med aktuelle aktørar som har aktivitetar som NaKuHel står for

Norrdal vil ha varierte tilbod innanfor kultur, idrett og friluftsliv

- Tilretteleggje og stimulere til større deltaking i friluftslivet
- Tilretteleggje for utfolding, skape gode arenaer
- Vidaresatsing på eit godt bibliotektilbod
- Vidaresatsing på ein allsidig kulturskule

Norrdal vil at frivillige lag og foreningar skal vere viktige kulturberarar

- Støtte opp under den unike ressursen som frivillige lag og foreningar representerer gjennom idealisme, engasjement og dugnadsånd.
- Bidra til gode arbeidsvilkår for lag og foreningar i kommunen.

Norrdal vil stimulere til NaKuHel basert næringsutvikling

- Kartleggje og synleggjere mulegheiter og satsingsområde (lage masterplan)
- Skape eigarskap til og stoltheit av eigen kommune

Norrdal vil styrkje dei ulike bygdelaga

- Skape gode møteplassar
- Styrke lokal identitet og trivsel

Hovudmål 2:

Norrdal vil at aktivitetane i lokalsamfunnet vårt skal skje innanfor naturen si bereevne, og i eit reint, ryddig og triveleg nærmiljø

Delmål 1:Forvaltning av naturressursane.

Norrdal vil at aktivitetane i lokalsamfunnet vårt skal skje innanfor naturen si bereevne, og slik

at naudsynte inngrep i naturen forringar naturverdiane minst mogleg.

- Balansere behova for bruk og vern av areal, naturressursar og biologisk mangfald. Dette gjeld på land, i sjø, i ferskvatn og vassdrag.
- Bevare dei mest produktive jord- og skogbruksareala
- I samarbeid med innbyggjarane kartleggje kva område som har størst verdi for friluftsliv, rekreasjon og idrett, med sikte på å unngå bandlegging av slike område til andre føremål.
- Revidere hyttemeldinga parallelt med arealplan, slik at får ein heilskapleg hyttepolitikk, og kan sjå dei ulike utbyggingsynskja samla, og gjere ei langsiktig vurdering av arealdisponeringa.
- Gjere ei kartlegging av vassdraga våre opp imot ynskje/planar om utbygging av småkraftverk, og foreta ei langsiktig vurdering av kvar, og i kva målestokk utbygging er ynskjeleg, - og kva område ein ynskjer å halde inngrepsfrie.
- Gjere ei heilskapleg vurdering av areala våre knytt til strandsona, og gjere prioriteringar over kva område vi ynskjer å behalde inngrepsfrie, samt korleis andre område evt. kan tillata nytta.

Delmål 2: Ei miljøvenleg kommune

Norrdal ynskjer å framstå som ei kommune med høgt fokus på miljøet ikring oss, i vidaste tyding.

- Leggje til rette for miljøvenleg forbruk, produksjon og arbeidsmiljø i kommuna sin eigen organisasjon.
- Arbeide for å auke befolkninga sitt medvit og deira motivasjon i høve til val av miljøvenlege energikjelder og andre ENØK-tiltak.
- Leggje til rette for bruk av kollektive transportmiddel, samt moglegheitene for å gå eller sykle mellom daglege gjeremål.
- Det skal førast ein restriktiv politikk i høve til motorisert ferdsel på barmark, likeeins bruk av snøscooter og liknande vinterstid.
- Bidra til at befolkninga og tilreisande har tilgang på reint vatn og rein luft.
- Sikre god avløps- og avfallshandtering i heile kommuna.
- Ha ei sterkare profilering i høve til miljøvenleg reise- og friluftsliv.
- Sikre reine og trivelege sentrum/møteplassar i alle delar av kommuna
- Vere medvitne på å ta vare på alle menneske som bur og arbeider i kommuna, og arbeide for at alle skal ha eit trygt og triveleg bu- og arbeidsmiljø.

- Arbeide for at særleg oppveksande generasjonar får eit høgt miljømedvit, m.a. gjennom påverknad frå barnehage og skule.”

Næringsutvikling

Hovudmål : Norddal kommune skal ha eit lønnsamt næringsliv og eit sterkt kompetansemiljø, som vert omtala som berekraftig og nyskapande

Norddal vil utvikle ein sterk entrepenørskapskultur

- Legge vekt på å utvikle born og ungdom sin sjølvtilitt, kreativitet og evne til å omsette idear til handling
- Motivere til å skape arbeidsplassar for seg sjølv og andre
- Etablere ein innovatørkulturpris, som årleg vert å dele ut til personar som har utmerka seg med haldningar og handlingar for å skape nye arbeidsplassar
- Arbeide for at lokale investorar vel å investere sin kapital i Norddal kommune, for å bidra til vidareforedling og utvikling av nye produkt
- Bidra til at det blir etablert ein møteplass der ”kapital møter idear”
- Stimulere næringslivet til samarbeid og samhandling

Norddal vil satse på vidareutvikling av primærnæringane, og ser på garden som ein viktig ressurs

- Arbeide aktuelt og målretta opp mot styresmaktene i landet, for å synleggjere verdien av aktive gardsbruk, både for området, og for nasjonen totalt sett.
- Motivere grunneigarane og vere ein aktiv medspelar for grunneigarar som ser, eller ynskjer å utvikle, fleire moglegheiter på eigen gard.
- Stimulere eigarane av gardsbruk til kartlegging av potensiale for utvikling av ressursane på garden
- Etablere ein marknadsplass for landbruksprodukt
- Vidareutvikle det landbruksfaglege tenestetilbodet, og nytte fagmiljøet til auka kompetanse innan primærnæringa
- Arbeide for å utnytte ressursane og moglegheitene i primærnæringane, for å skape nye arbeidsplassar t.d. innanfor grøn omsorg, opplæring eller andre område.

Norddal vil satse på reiseliv, basert på natur – kultur – helse

- Stimulere grunneigarar til stell og pleie av kulturlandskapet
- Motivere til vedlikehald og restaurering av gamle bygningar
- Legge til rette for god byggeskikk og estetisk utforming
- Arbeide for produktutvikling innan landbruket
- Synleggjere kulturlandskapet og dei gamle skikkane, og bruke produktet innan turisme
- Stimulere til utvikling av ”bygde-NAV”, som skal synleggjere tilboda ute i bygdene
- Stimulere til vidareutvikling av tilboda til helserehabilitering innan NAKUHEL

Norddal vil tilrettelegge for auka verdiskaping, og fleire lønsame arbeidsplassar innan lokale fortrinn

- Styrkje marknadsposisjonen til lokale tenester og produkt, gjennom auka fokus på merkevarebygging
- Arbeide for auka verdiskaping i distrikta - der landbruk og reiseliv skal vere viktige innsatsfaktorar
- Legge til rette for auka verdiskaping innanfor viktige næringar der Norddal har naturgitte fortrinn, spesielt innan naturoppleving, helse/klima og frukt & bær dyrking.
- Utnytte fjorden som arena for oppleving, og Vestnorsk Fjordlandskap på verdsarvlista for ny næring og FoU verksemd
- Norddal skal nytte betre den fordelen det er å vere plassert mellom to store turistattraksjonar, Trollstigen og Geirangerfjorden,

Norddal vil ha fleire arbeidsplassar der kunnskap og kompetanse er innsatsfaktor

- Kommunen sitt næringsarbeid skal auke sin innsats mot kunnskaps- og kompetansebasert næringsutvikling
- Arbeide for etablering av stadubundne teknologibedrifter – og andre kunnskapsintensive private og offentlege verksemd
- Bidra til nettverksbygging og samhandling mellom bedrifter

Norrdal vil ha eit målretta virkemiddelapparat

- Norrdal kommune skal fyrst og fremst fylle rollen som tilretteleggar, og møte ideskaparar og næringsliv med konstruktiv og løysingsorientert rådgjeving
- Arbeide for at næringslivet sin tilgong på risiko- og eigenkapital vert styrka
- Målrette det kommunale næringsfondet til utvalde satsingsområde
- Bidra til å utvikle konkurransekrafta i det lokale og regionale næringsliv ved å vere ein profesjonell og krevjande kunde
- Spele ei aktiv rolle i forhold til fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Samferdsle

Hovedmål 1: Det skal vere enkelt og trygt å reise internt i kommunen og til og frå omlandet.

Vegnettet i Norrdal skal ha fast dekke og tilfredsstillande standard.

- Utviding av tunnellane til Fjørå og Tafjord slik at store køyretøy kan kome gjennom, og betre lysforholda dei same tunnellane
- Utvide vegen på strekinga Valldal-Fjørå
- Oppgradere vegen Eidsdal-Dalsbygda

Vegnettet til og frå kommunen skal ha god standard.

- Sikre vegen austover over Geiranger slik at sesongen kan utvidast, og arbeide vidare for at dette skal bli heilårsveg austover.
- Sikre vegen over Trollstigen slik at sesongen kan bli føreutseibar og utvida.
- Utbetre og forkorte Rv 650 mellom Viset og Sjøholt
- Arbeide for utbygging av sommarveg frå Tafjord og austover til Skjåk

Kommunen skal ha eit tilfredsstillande kollektivtilbod.

- Betre busstilbodet i helgane og på kveldstid

Kommunen skal ha gang- og sykkelveggar i og nær sentrumsområda.

- Utbygging av gang- og sykkelveg Sylte-Omenås
- Utbygging av gang- og sykkelsti i Fjøråtunnellen
- Utbygging av gang- og sykkelveg mellom Eidsdal og Norrdal.

Det skal vere nok parkerings- og rasteplassar.

- Det bør byggast ut større parkeringsplassar ved ein del turområde

Fjorden er ei viktig ferdselsåre og ikkje berre eit stengsel

- Utvida og betra ferjetilbod, der nattferge og større kapasitet er viktig.
- Pendlarar skal kunne få forrett framfor andre
- Utvikle andre båtruter utanom ferja
- Oppgradere kaiene i kommunen. Djupvasskai i Eidsdal.
- Vidareutvikle småbåthamnene i kommunen.
- Utgreie ferjefritt samband mellom bygdene i Norrdal.

Hovedmål 2: Mobil- og breibanddekning skal vere på nivå med resten av landet

God mobildekning der det no er svarte felt

- I bustadområde
- I hyttefelt
- Langs vegar
- I mykje brukte turområde

Kommunen skal ha god tilgang til datakommunikasjon

- Bygge ut eit fiberstamnett i kommunen

Vidareutvikle samarbeid om utbygging av infrastruktur:

- Planar for utbygging av veg, vatn, kloakk, elektrisitet, telefon, fiber m.m. skal samordnast endå betre

Miljø og berekraftig utvikling

Norddal vil at aktivitetane i lokalsamfunnet vårt bør skje innanfor bereevna i naturen og i eit reint, ryddig og triveleg nærmiljø.

Hovedmål 1. Forvaltning av naturressursane:

Norddal kommune vil at aktivitetane i lokalsamfunnet vårt skal skje innanfor bereevna i naturen, og slik at nødvendige inngrep i naturen i minst mogleg grad går ut over naturverdiane.

Kommunen skal

- balansere behova for bruk og vern av areal, naturressursar og biologisk mangfald; dette gjeld på land, i sjø, i ferskvatn og vassdrag,
- bevare jordbruksareala og dei produktive skogbruksareala,
- kartleggje i samarbeid med innbyggjarane kva område som har størst verdi for friluftsliv, rekreasjon og idrett med sikte på å unngå å bandleggje slike område til andre føremål,
- revidere hyttemeldinga parallelt med arealplanen slik at vi får ein heilskapeleg hyttepolitikk, og kan sjå dei ulike utbyggingsønska samla og vurdere arealdisponeringa langsiktig,
- kartleggje vassdraga våre opp imot ønske eller planar om å byggje ut småkraftverk, og gjere ei langsiktig vurdering av kvar og i kva målestokk det er ønskjeleg å byggje ut, og kva område vi ønskjer å halde inngrepsfrie,
- kartleggje og vurdere strandsona heilskapleg slik at vi kan sikre inngrepsfrie samanhengande strandområde,
- sikre større samanhengande område med høg landskaps- og opplevingskvalitet,
- halde ved lag ubrotne grønne korridorar frå fjord til fjell.

Hovedmål 2. Ein miljøvenleg kommune: Norddal ønskjer å vere ein kommune med høg merksemd om miljøet, i vidaste tyding.

Kommunen skal

- leggje til rette for miljøvenleg forbruk og produksjon i kommuneorganisasjonen,
- arbeide for å auke medvitnet om og motivasjonen til å velje miljøvenlege energikjelder og andre enøk-tiltak,
- leggje til rette for å kunne bruke kollektive transportmiddel og å kunne gå eller sykle mellom daglege gjeremål,

- føre ein restriktiv politikk for motorisert ferdsel på barmark, likeins for bruk av snøskuter og liknande vinterstid,
- bidra til at befolkninga og tilreisande har tilgang på reint vatn og rein luft.
- sikre god avløps- og avfallshandtering i heile kommunen,
- profilere miljøvenleg reise- og friluftsliv sterkare,
- sikre reine og trivelege sentrum og møtestader i alle delar av kommunen,
- vere medviten om å ta vare på alle menneske som bur og arbeider i kommunen, og arbeide for at alle skal ha eit trygt og triveleg bu- og arbeidsmiljø,
- arbeide for at særleg oppveksande generasjonar får eit høgt miljømedvit, mellom anna gjennom påverknad frå barnehage og skule.
- ta vare på biologisk mangfald (nøkkelbiotopar, sjeldne og kravfulle vegetasjonstypar),
- vurdere tiltak for å redusere eller fjerne gamle inngrep som ikkje har nokon funksjon,
- så snart som råd utarbeide ein energi- og klimaplan,
- planleggje alle offentlege bygg med tanke på energiøkonomisering og miljøvenleg energi.

Hovedmål 3. Ein trygg kommune Norddal kommune skal vere ein trygg kommune å bu i, men skal samstundes vere budd på kriser eller uønskete hendingar.

Kommunen skal

- arbeide for å gjere det mindre sannsynleg at uønskete hendingar eller kriser oppstår.
- vere i stand til å handtere uønskete hendingar og kriser for å kunne redusere konsekvensane av desse så godt som råd.